

19.04.04

Høyringsfråsegn – omdanninga av Norsk språkråd

I Innleiing

Kultur- og kyrkjedepartementet har sett i gang ein prosess for å omdanne Norsk språkråd til eit nytt språkorgan, og det er no spørsmål om å setje opp klare mål med prosessen. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, meiner at det trengst ein slagkraftig og langsiktig, offentleg språkpolitikk som har som mål å sikre at norsk (bokmål og nynorsk) er eit samfunnsberande språk i Noreg på alle samfunnsområde. Den same språkpolitikken skal også garantere språklege rettar for alle borgarar i det norske samfunnet. Spørsmålet om skiping av eit offentleg språkorgan må sjåast i dette doble perspektivet. Vi meiner at høyringsdokumentasjonen inneheld mange positive moment, men at det også finst ein del uklære premisser som krev ei meir kritisk drøfting.

Fråsegna er disponert slik:

Først følgjer i avnitt II nokre overordna hovudpunkt, deretter (III) ei nærare drøfting av nokre prinsipielle grunnproblem. Som oppsummering og konklusjon i avsnitt IV heilt til slutt gjev vi eit utkast til formålsparagraf for det nye organet.

II Hovudpunkt

Drøftinga i fagmiljøet ved Nordisk institutt har konsentrert seg om desse spørsmåla:

1) *"Samfunnsforankring": Bør det nye organet vere heimla ved lov?*

Vi vil gå sterkt inn for at det nye språkorganet blir oppretta ved lov, og at det langsiktige mandatet blir formulert som del av lovteksten.

2) *Bør det nye organet vere forankra i eit representativt system som no, men justert og tilpassa samfunnsendringar? Bør det vere eit forskingsbasert organ? Korleis kan desse rollene eventuelt kombinerast?*

Vi går sterkt inn for at det nye organet byggjer på ein representativ struktur med bruk av fagnemnder for ulike ansvarsfelt, og med representasjon frå viktige interessentar.

3) *Korleis bør det nye organet arbeide med normeringsspørsmål?*

Dette spørsmålet blir utgreidd meir i detalj nedanfor, men Nordisk institutt går sterkt inn for at det nye organet skal fungere som eit kritisk og språkpolitisk organ med fullmakter i normeringsspørsmål.

4) *Bør det det nye organet ha ansvar berre for norsk språk, eller for norsk og dei norske minoritetsspråka, eller for alle spørsmål knytte til "språka i Noreg", dvs. innvandarspørsmål, norsk som andrespråk m.m.?*

Vi ber om at rådet blir eit allment språkråd for det multilingvale norske samfunnet, og ikkje berre eit særskildt råd for det norske monolingvale språksamfunnet, sjølv om slike spørsmål naturlegvis *også* vil dominere.

5) Kva type/-ar kompetanse bør det nye organet ha?

Samarbeidet med dei høgare forskings- og utdanningsinstitusjonane har ikkje vore så tett som det kunne ha vore. I Danmark har dei tilsette i språknemndene sterkare tilknytning til dei høgare lærestadene, også når det gjeld å halde oppe fagleg kompetanse. Dette bør innarbeidast i personalpolitikken for det nye organet.

6) Kommenterarar om tema som fagmiljø ved Nordisk institutt har særleg kompetanse i og lang erfaring med

For instituttet er det positivt og viktig at høyringsdokumenta legg opp til auka satsing på fagområde der vi har ein lang fagtradisjon. Det gjeld for det første arbeidet med fagspråk og terminologi, som står sentralt i arbeidet med statusvern for norsk. I dette arbeidet står også eit anna sentralt forskingsfelt ved UiB sentralt, nemleg språkteknologi for norsk. Vi meiner det er sjølvinnlysande at det nye organet får ein sentral plass i kompetanse- og strategiutvikling på dette fagfeltet.

Vidare har Nordisk institutt eit sterkt fagmiljø i nynorsk, både normerings- og bruksaspekt. For oss er dette eit viktig arbeidsfelt der vi ønskjer å bli ein viktig samarbeidspartnar for det nye organet. Instituttet vil t.d. stimulere og støtte det arbeidet som er i gang i fagmiljøa med å styrkje grunnlaget for nynorsk som fagspråk, t.d. med å opprette nynorske fagspråk- og terminologigrupper.

II Utfyllande drøfting

1. Målsetjing

Språkpolitikk må ikkje nedgraderast til å bli eit reint estetisk spørsmål eller ei bisak som ein finn att i ulike kontekstar under ei lang rekkje saksområde og institusjonar. Den statusen som språkpolitikk som arbeidsområde skal ha, er i seg sjølv eit stridsspørsmål. Det er viktig å halde fast ved målet om demokratisk språkutvikling, og då er det avgjerande viktig at folkevalde organ har eit overordna ansvar. Dette har vore institusjonalisert i Noreg heilt sidan 1960-talet og arbeidet til Vogt-komiteen. Det er særskildt viktig at dei ordningane ein kjem fram til, held oppe denne statusen.

Det språkpolitiske arbeidsområdet bør organiserast på ein slik måte at det er lett å halde oversyn både over direkte språkpolitiske tiltak, og verknader for språkbruk av tiltak på andre område. Det trengst ei offentleg "vaktbikkje" både for språkrøkt, språkvern og vern om dei språklege rettane til norske borgarar. Det framtidige organet må derfor ha ein sjølvstendig status som ikkje lett kan endrast eller organiserast bort etter skiftande politiske, administrative eller økonomiske prioriteringar.

Den beste måten å oppnå desse måla på, er derfor å heimle både institusjonen og verksemda i lov.

Det nye språkkompetanseorganet må ha ei fagleg fri og sjølvstendig stilling i høve til departementet. I høyringsbrevet frå departementet heiter det:

Det følger av dette at den nye institusjonen bør innrettes slik at den kan bli et mest mulig fleksibelt instrument som raskt kan tilpasse seg nye utfordringer og strategiske prioriteringer."

Lovheimel treng ikkje vere noko hinder for fleksibilitet. Det same gjeld spørsmålet om representativ forankring, som vi legg sterk vekt på. Vi meiner at det framleis er bruk for direkte, oppnemnd representasjon av språkbrukargrupper, språkorgansisasjonar og fagleg institusjonar, men vi tek til etterretning at dette må gjerast i former som er enklare og meir fleksible enn dei er i dag. Det er mange måtar å organisere dette på: Ein kan t.d. ha eit "råd" av typen "bedriftsforsamling", eventuelt fleire mindre rådgjevande forsamlingar med rett til å gjere vedtak innanfor spesifikke fagfelt, og ein kan gje språkkompetanseorganet plikt til å leggje ulike saksområde fram for gjevne forum. Det som er viktig, er at vedtaksframlegg og fråsegner i store spørsmål ikkje skal gå ut utan fagleg og språkpolitisk ryggdekning. Det framtidige språkkompetanseorganet må ikkje kunne forsømme arbeidsområde berre av di det ikkje finst direkte tilknytte forum for kritikk og debatt.

I høyringsbrevet sitt viser departementet til ei prosjektskisse der hovudformålet er formulert slik:

"Det nye kompetansesenteret

- 1) skal stimulera og byggja opp under korrekt og god språkbruk i vid meining og
- 2) skal aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og
- 3) formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv" [vår nummerering]

Dette ligg alt implisitt til oppgåvene åt Norsk språkråd, og då er det vel rett å sjå desse måla som ei vidareføring av Språkrådet sitt verdigrunnlag, særleg om momentet med å "fremme toleranse" blir halde ved lag, jf. formålsparagrafen for Språkrådet:

verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket,

Det mest slåande med formuleringane i målsetjinga i høyringsbrevet er at ho manglar både tilvising til ei politisk legitimering og eit perspektiv der det kan komme inn ein kulturpolitisk refleksjon. 'Korrekt og god språkbruk' blir presentert som noko som finst, ikkje som f.eks. eit kulturpolitisk maktmiddel. Det blir heller ikkje antyde korfor det er viktig med norsk språk som funksjonell reiskap, endå det "funksjonelle" kan også underkastast ein kritisk refleksjon. Dette formålet er det nok i praksis mindre ueinigheit om, men like fullt bør det antydast kva som er legitimeringsgrunnlaget. Siste punktet i hovudformålet er også godt, men det trengst eit grundig formulert rasjonale for at dette skal bli forstått i dag som noko meir og anna enn ein tradisjonell nasjonsbyggjande floskel.

Det er såleis viktig at ei målsetjing får inn eit formål om ein 'demokratisk språkpolitikk', som ligg innebygd i formuleringane i den noverande formålsparagrafen.. Ein slik frase er også litt vag, men viser til eit mål som ikkje er sjølv sagt for alle, og det er dessutan ein peikepinn om ein politisk vilje og om politiske vyar. At ein så må diskutere framover kva som konkret er demokratisk i samband med språk, kan vi ta som ein del av den kulturpolitiske diskusjonen som helst ikkje skal avsluttast.

Dessutan bør det gå inn i ei målsetjing ei presis formulering om at språkorganet skal stimulere den samfunnskritiske refleksjonen kring språket. Språket i det moderne samfunnet er blitt eit så viktig kulturelt og ideologisk instrument at samfunnsborgarane treng ein vedvarande diskusjon som kan vere avslørande på dei maktaspekta språket blir tillagt. Denne språkkulturelle refleksjonen i samfunnet er sjølv ein viktig føresetnad for å føre ein demokratisk språkpolitikk. Og eit språkorgan bør vere ein sjølvkritisk stimulator til denne samfunnsdebatten.

Det er vanskeleg i dag å formulere ein språkpolitikk for Noreg utan å seie noko om det mangspråklege samfunnet vårt. Det bør komme med at toleranse og demokrati også skal omfatte forholdet mellom ulike språk i landet. Det nye organet bør vere eit råd med ansvar for alt som har med språkspørsmål å gjera, dvs. forpliktingar for *alle* språk i Noreg, medrekna urbefolkningsspråk og minoritetsspråk elles.

Rådet bør derfor ha ansvar for å meine noko om ikkje berre normeringsspørsmål og problem som kan påvisast innanfor ramma av norsk majoritetsspråk åleine, men for alle dei utfordringar av språkleg art som samfunnet vårt vart utsett for pga. av den økonomiske og kulturelle globaliseringsprosessen vi alle er del av.

Vi ber om at rådet blir eit allment språkråd for det multilingvale norske samfunnet, og ikkje berre eit særskilt råd for det norske monolingvale språksamfunnet, sjølv om slike spørsmål naturlegvis *også* vil dominere.

2. Arbeidsfelt

For Nordisk institutt er det positivt og viktig at høyringsdokumenta legg opp til auka satsing på fagområde der vi har ein lang fagtradisjon. Det gjeld særleg arbeidet med fagspråk og terminologi, som står sentralt i arbeidet med statusvern for norsk. I dette arbeidet står også eit anna sentralt forskingsfelt ved instituttet sentralt, nemleg språkteknologi for norsk. Vi meiner det er sjølvinnlysande at det nye organet får ein sentral plass i kompetanse- og strategiutvikling på dette fagfeltet òg.

Det er elles litt uklårt i høyringsbrevet kva som er tenkt som arbeidsfelt. Brevet kan tolkast slik at det ønskjer mindre vekt på arbeidet med rettskrivingsnorma, jf. under pkt. 3: "at den i større grad har oppmerksomheten festet på språket i bruk enn på språket som et isolert system av normer og regler." Dette er upresist formulert, for også språket i bruk må diskuteras, beskrivas og reguleras i perspektivet av normer. Denne formuleringa, som kan tolkast som ein kritikk av det arbeidet Språkrådet til no har drive, er litt underleg når ein held ho saman med formuleringa under hovudformålet om "korrekt og god språkbruk", for det korrekte får preg av rettskrivingsdisiplin. Såleis verkar denne underforståtte kritikken av normeringsarbeidet både sjølvmotseiande og ikkje grundig gjennomdrøfta.

Ei anna sak er at språkbruk knytt til tekstnormer er eit område som Språkrådet kan framheve meir som sitt arbeidsområde. Det står ikkje i motsetning til arbeid med rettskrivingsnormering. Ein underforstått kritikk av konsentrasjonen kring rettskrivinga er heller ikkje underbygd med f.eks. at ein påviser kor mye tid som er gått med til slikt arbeid i Rådet. Interne rapportar viser at dette arbeidet er nokså lite.

Lenge var mye sekretariatsarbeid knytt til lærebokgransking, eit arbeid som liknar det som departementet no framhevar under pkt. 1 i hovudformålet. Dette er "politi"-arbeid og ikkje arbeid med normendringar. Ein del av fagnemndarbeidet hadde sitt utgangspunkt i spørsmål som dukka nettopp opp i dette lærebokgranskingsarbeidet.

Arbeidsinnsatsen kring normendring er etter bokmålsrevisjonen av 1981 først og fremst blitt knytt til dei revisjonane som departementet påla Språkrådet i 2000. Det normeringsarbeidet som elles er blitt drive, har stort sett dreia seg om "vedlikehaldsarbeid", dvs. spørsmål om oppdateringar og mindre justeringar, som alltid vil dukke opp, også i framtida. Både på 1980-talet og på 1990-talet vart det arbeidd ein del med norvagisering (den siste gongen gjekk det arbeidet for seg utanfor sekretariatet), og dette arbeidet må reknast til "vedlikehald", ettersom det dreiar seg om nyord i språket.

Derimot er det interessant at det er rettskrivingssaker som vekker størst oppmerksomheit i media og den språkpolitiske offentlegheita. At det er slik, er ei anna sak, og bør analyserast som vitnemål om kva som er konfliktområda i den norske språkkulturen. Dersom Språkrådet faktisk utfører eit arbeid som representerer eit konfliktområde, gjer det nettopp ei av pliktene sine. Jamfør elles nedanfor under pkt. 4.

3. Statusstyrking og korpusstyrking

Departementet viser også til dei to perspektiva som ein gjerne omtalar som status og korpus. Somme meiner at arbeidet med statusvern og statusstyrking bør få høgare prioritet, og at arbeidet med korpus har stått i vegen. Utsegner i mediedebattar som "Målstriden hørte 1900-talet til, no gjeld det språkkamp" peikar i den leia. Høyringsbrevet nemner status-perspektivet som "en annen påvirkningsmekanisme", og det viser til utgreiingar i Sverige og Danmark som framhevar status-arbeidet, og brevet antydgar også med referanse til maktutgreiinga at konsentrasjonen om korpus har stått i vegen:

"I vårt eget land har språkpolitikk en lang tradisjon, men den har i stor grad vært omkranset av stridigheter sprunget ut av den spesielle norske språksituasjonen. Dette kan ha gått på bekostning av arbeidet med å hegne om de fellesverdier som morsmålet vårt representerer, og det hevdes i Makt- og demokratiutredningen at "det offisielle Norge har svak selvtillit på vegne av norsk språk". En viktig oppgave for den nye institusjonen vil derfor være å bidra til økt språkbevissthet og en større og bredere interesse for de verdier som ligger i et funksjonelt og tilpasningsdyktig språk forankret i norsk kultur og tradisjon." (Pkt. 2 i brevet.)

Rettnok er dette først formulert som ei antydning, jf. "kan ha gått på bekostning av", men det blir brukt som premiss i eit resonnement vidare og blir dermed sentralt. Dessutan er denne antydninga eller premissen farleg ved at han spelar på den forenkla førestellinga om at plassen åt det eine er i vegen for det andre. Det verkar besnærande

og sjølvtsagt, men kan vere overflatisk og gale. Derfor skal vi gå nærare inn på dette spørsmålet:

I sitatet ovanfor ser det ut som det er meint at ein skal byggje opp ei ny bevisstheit, underforstått knytt til status, og derfor må ein fokusere mindre på korpus, og påstanden er at nordmenn har svak språkleg sjølvtilitt. Slike påstandar kan berre overprøvast i ein jamførande analyse, og i granskingsarbeidet åt prosjektet Moderne importord i språka i Norden går det fram av delprosjektet Nordiske språkholdningar (som byggjer på ein stor Gallup) at dei språksamfunna som har størst fokusering på og "strid" om korpus, også har breiast folkeleg skepsis mot engelsk språkdominans og domeneta for morsmålet. At f.eks. islandsk skårar høgast i begge typar bevisstheit, kan ev. forklarast med at det er eit lite land som stiller spesielle krav til kulturen. Men dei tre skandinaviske språksamfunna bør vere svært like når det gjeld slike ytre faktorar, og vi ser at Danmark og Sverige har lågast bevisstheit om status og lågast om korpus. Noreg med ein politikk som har "i stor grad vært omkranset av stridigheter", skårar mye høgare i bevisstheit ikkje berre i korpus-spørsmål, men også i status-spørsmål.

Dette resultatet står i strid med påstanden og antakinga i høyringsbrevet. Det ser ut til at bevisstheita om korpus går saman med bevisstheita om status, og perspektivet med "på bekostning av" blir gale. Folk som er opptekne av det eine, er også opptekne av det andre.

At det er slik, treng ikkje vere underleg når ein drøftar nærare kva fenomen vi har med å gjere. Kvart av dei to områda korpus og status har rettnok sine særpreg som er relevante i ein del faglege kategoriseringar, men dei har også fleire felles aspekt, f.eks. at dei begge dreiar seg om demokrati, og at dei begge dreiar seg om kulturelle symbol. Det er slik at anten språkbrukaren vel det heimlege eller utanlandske ordet, eller det heimlege eller utanlandske språket, har valet ei sosiokulturell side ved at det fortel om ein ønskt identitet, det formidlar eit bilete av personen. Slik er det for språkbrukaren som gjer valet, og slik blir det opplevd av språkbrukarane kringom som tolkar valet.

Holdningar og engasjement hos språkbrukarane stammar oftast frå dei symboleigenskapane språket har. Derfor er denne påviste samanhengen mellom korpus- og statusnivået forståeleg. Det at vi forstår at dette dreiar seg om ein symbolfunksjon (og altså ikkje primærfunksjonen åt språket), kan heller ikkje brukast som argument for å redusere betydninga av denne sida. At språket har ein symbolfunksjonen må vi nok leve med; kultursosiologisk kan ein faktisk rekne med at denne funksjonen blir viktigare og viktigare. Derfor bør konklusjonen heller bli at dersom ein skal både halde på og skape bevisstheit om verdiane i språket vårt, skal ein heller utnytte den interessa som finst kring sjøve språkforma. Der har ein faktisk alt komme langt i det holdningsskapande arbeidet i Noreg. Det vil også seie at den språkpolitiske tradisjonen vi har i vårt land, nettopp er ein styrke. Det er på denne måten at ein kan seie at norsk språkstrid representerer ein kulturell ressurs. Kritikken ein kan høyre av tradisjonen med språkstrid bør heller analyserast før ein ev. kan akseptere noko av han. Jamfør under punkt 4.

4. Språket er strid om kulturelle symbol

Når ein skal stake ut kursen for eit offentleg språkorgan som det er meininga skal innverke på norsk språkpolitikk, er det viktig at det skjer på faglege grunnlag. Faglege grunnlag vil seie både språkstrukturell og språksosiologisk innsikt.

Språksosiologien har vakse fram som disiplin etter at Norsk språkråd vart skipa, og derfor er det forklarleg at innsikter frå denne disiplinen ikkje gjekk inn i det ideologiske fundamentet eller i organisasjonen åt Språkrådet. No bør slik innsikt sikrast plass.

Det fundamentale er at ein ikkje kan sjå på språket berre som struktur og kommunikasjonsmiddel. Språket er eit kulturelt objekt, og det blir brukt som kulturelt symbol. Denne funksjonen er konstituerande for det som blir omtalt som kulturarven. Men denne symbolfunksjonen høyrer ikkje berre fortida til, kulturelle symbol ser ut til å spele ei stadig større rolle i det moderne samfunnet, der desse symbola faktisk er blitt til ein viktig del av produksjonslivet.

I ei slik forståing får dei språklege formene funksjon som kulturelle og sosiale distinksjonskriterium (i Bourdieus terminologi). På den bakgrunnen kan ein forstå både den norske språkstriden og forholdet mellom norsk og f.eks. minoritetsspråket samisk, og i dag kan ein forstå forholdet mellom engelsk og norsk på same måten. Denne kulturelle symbolsida er ei av maktformene språket har. I eit holdningsarbeid der ein ønskjer å skape toleranse og likeverd, må ein leggje ei slik forståing til grunn.

Eit tradisjonelt maktmiddel som dei dominerande kreftene i ein kultur brukar, er latteren. Dei gruppene som har det kulturelle hegemoniet, har også makta til å definere kva som er latterleg. Derfor ser vi at ein gjengangar er at svakare grupper blir framstilte av majoritetskulturen i komisk lys eller som noko med mindre kulturverdi. Slik har nynorskkrøsla måtta slåst mot førestellingar og direkte påstandar om at språket ikkje representerte høgverdig kultur. På tilsvarande måte har samane måtta kjempe for respekt for sin kultur. Og framleis i dag får kulturkampen same uttrykksformene. Då Språkrådet uttalte seg om trykkplassering i norsk, vart det i dominerande massemedium latterleggjort at Rådet ville jamstille 'bannan' med 'banan'. Det var kulturell språkdominans som på den måten vart avslørt. Og same maktspråket er fleire gonger brukt mot norvageringsframlegga frå Språkrådet. Når det blir så mange medieoppslag kring slike framlegg og vedtak, viser det at Språkrådet nettopp har ei oppgåve i å avsløre det kulturelle makthegemoniet. Dei som ønskjer at Språkrådet ikkje skal "bli hengt ut" i slike debattar, ønskjer eigentleg at Språkrådet skal vere den forlengde armen åt det som alt er makthegemoniet.

Eit språkorgan med kritisk språksosiologisk innsikt skal fungere avslørande, og Språkrådet har nettopp her vist at det gjer oppgåva si. Men det kunne kanskje utføre ho endå betre med å formidle meir direkte den ideologiske avsløringa. Det er her språkkonfliktane i det norske samfunnet er ein ressurs fordi dei så lett gjev oss avslørande materiale som kan støre til refleksjon og innsikt om den kulturelle funksjonen språk har – dersom ein greier å formidle det ideologiske innhaldet i konfliktane.

5. Språkrådet skal ha tillit

Høyringsbrevet er fleire gonger inne på korleis Språkrådet skal stå fram utover:

"institusjonen bør legge vekt på å utforme og formidle sitt samfunnsoppdrag på ein slik måte at det festner seg et positivt inntrykk i opinionen, og at det også gjelder å bygge en plattform for gode mediestrategiske vurderinger",

og det framhevar også "at ein må ha eit sideblikk til kva det er som kan vinn oppslutnad hos språkbrukarane". Det er rett at ein har slike taktiske moment med seg. Men eit fagleg organ bør ha ei kritisk og reflektert holdning også til dei mange agentane i kulturlivet og kva rolle dei spelar. Ein må unngå å komme dit at ein arbeider på premissane til dei media som har etablert seg som "toppen" i offentlegheita. Ofte blir verda tolka ut frå kva visse aviser skriv, og kva visse aviser framstiller som latterleg. Språkrådet skal gjennomskode denne rolla og ha som funksjon både å frigjere seg og å påvise dei kulturpolitiske samanhengane.

I Språkrådet sjølv har det vore tonar om at det er "pinleg" at Språkrådet ikkje får omtale i andre saker enn dei som gjeld "bannan" og "beiken", og at ein må unngå latterleggjeringa i visse hovudstadsaviser. Derfor er det blitt bedt om at ein reduserer slikt arbeid, og ein ser på medieomtalen som dårleg kommunikasjon frå Språkrådet si side. Dette er ein galen måte å stille spørsmålet på. I desse sakene har Språkrådet utført oppgåva si, og det har hatt suksess i media ved å skape oppmerksomheit og faktisk folkeopplysning. Utan slik debatt hadde refleksjonsnivået kring språk vore mye dårlegare i landet. Og dette er oppnådd fordi ein her har treft midt i eit konfliktområde. Det som heller er problemet, er at Språkrådet ikkje greier å treffe tilsvarande konfliktområde på dei andre områda det arbeider. Det vågar ikkje på same måten å gå ut med standpunkt og grunngevingar som provoserer når det gjeld f.eks. andrespråkslæring, undervisning i morsmål for innvandrarar, klarspråk, terminologi, domenetap osv. På desse område skal ein heller lære frå arbeidet på normeringsområdet (sjølv om også dét kan gjerast endå betre).

Poenget her er at ein faginstans må forstå verda på grunnlag av si innsikt og ikkje på grunnlag av massemedia. Forholdet til dei breie laga av folket må også forståast på ein annan måte enn slik at folket blir berre reflektert i media. Språkrådet har i dag mye større tillit i dei breie lag enn det visse aviser gjev uttrykk for. Dei ulike framstillingane av Språkrådet viser berre at Rådet står midt i ein kulturkonflikt.

Det er klart at mange av dei hegemoniske kreftene i norsk kulturliv er plasserte i hovudstaden, og det bør derfor vurderast seriøst om ikkje i alle fall delar av arbeidet åt det nye språkorganet skal flyttast ut frå Oslo for at medarbeidarane lettare skal oppdage kontrastane i norsk språkkultur. Holdningar til språk og førestellingar om språk varierer sterkt rundt om i landet, og dét kjem sjeldan godt nok fram.

Spørsmålet om tillit må derfor ikkje få den tilnærminga at ein måler kortsiktig popularitet. Dét blir ofte avslørt etter kort tid, og då taper ein svært fort den grunnleggjande tillita. Det er berre éin ting som kan gi Språkrådet langsiktig tillit, og det er grundig fagleg arbeid og mot og evne til å seie ifrå allstad der språkspørsmål er relevante.

IV Framlegg til ny formålsparagraf

Vi vil foreslå at det nye språkorganet får ein formålsparagraf som t.d. denne (i mangel av offisielt namn omtalar vi det som "språkorganet") :

"Språkorganet" skal fremme en demokratisk språkpolitikk på alle områder og mellom ulike språk i det mangspråklige norske samfunnet. Derfor skal det også stimulere den kulturpolitiske diskusjonen om den rollen språk spiller i samfunnet. "Språkorganet" skal

stå vakt om norsk som et samfunnsbærende språk i Norge og verne om hver enkelt borgers språklige rettigheter.

”Språkorganet” skal aktivt fremme bruk av norsk språk som en funksjonell redskap i alle deler av samfunnet og stimulere og bygge opp under korrekt og god språkbruk i vid forstand. ”Språkorganet” skal verne om den kulturarv som norsk skriftspråk (bokmål og nynorsk) og talespråk representerer, følge med i språkutviklingen, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter og mellom ulike språk i samfunnet.